

**Referat frå møte i Sinnes SU 24.01.25**

Til stades: Solveig Marie Ådneram, Kåre Todnem, Siri Fidjeland, Daniel Fidjeland-Skilnand, Karoline Morel, Kari Kvæven og Åse-Berit Fidjeland

Forfall: Anders Tjørhom, Sverre Bøgwald Korneliussen og Magne Tjørhom

Sak 1/25: **Godkjenning av møteinkalling og referat frå 22.11.24**
Godkjent

Sak 2/25: **Møteplan for Sinnes SU våren 2025**
21. mars og 9. mai

Sak 10/24: **a) Resultat frå lokal trivselsundersøking hausten 2024**

Rektor gjekk gjennom trivselsundersøkinga frå oktober 2024, sjå vedlegg 1. Som de ser der, trivst det store fleirtalet av elevar. Er det nokon som melder om plaging/erting eller mobbing, snakkar klassestyrar med aktuell(e) elev(ar), og det vert sett inn tiltak.

Dette vart snakka om i møtet:

- korleis få opp svarprosenten? Nå var det 78% som svara, men òg ein klasse utan svar i heile tatt. Me prøver med lekse på vekeplanen med ei vekes frist, samstundes som FAU-representantane minner om det i sine kanalar og det blir presentert på månadsbrevet.
- vår-undersøkinga blir rett etter vinterferien/veke 11
- skal me presisera spørsmåla om bruk av internett til å gjelda heime/på fritida.
- ein av grunnane til at me spør om sosiale medium, er at ting som skjer når elevane spelar saman eller er på sosiale medium, kan påverka skuletida. Skulen har ingen ting med slike saker, samstundes som konfliktar kan ha negative følgjer for det sosiale samspelet og læringsmiljøet. Undersøkinga kan vera eit gyllent høve til samtale om dette heime
- ein kommentar er at skulen tar lite tak i mobbesaker, og me har snakka med elevane i ungdomsskulen om at det vert gjort ting som dei ikkje får vita pga. teieplikt. Det kjenner me igjen frå t.d. saker i barnevernet. I pågåande saker kan både elevar og foreldre bli informerte på generelt grunnlag, både munnleg og i Visma flyt skule.
- på skulebussen frå/til Tonstad kan det vera mykje forflytting/gåing, og elevane har fått faste plasser. Nokon synest det er svært bra, medan andre ikkje likar det. Elevrådet ynskjer ei rullering, og skal sjekka ut kva elevane ynskjer og levera til rektor
- for elevar som vert henta med drosje i grendene til hovudvegen er det mykje venting. Dette har rektor tatt opp med Agder kollektivtrafikk, og var lova ei endring, men nå er ventetida lengre for nokre elevar. Rektor ynskjer oversyn over ventetider før ho tar kontakt ein gong til

b) Kort om resultat frå Elevundersøkinga

Rektor gjekk kort gjennom Elevundersøkinga, men etter omlegginga, skal svært få tal delast, sidan mykje blir skjerma pga. få elevar i kvar klasse. Er det under fem svar på kvart spørsmål, blir tala skjerma. Det gjeld for alt på 7. trinn, sidan dei er fire elevar der, men undersøkinga er obligatorisk.

Samstundes er rektor nøgd med tala på 10. trinn, for på ein skala frå 1-5, ligg mykje over 4. Støtte frå lærar (4,6), støtte frå foreldre (4,5) og læringskultur (4,5) er høge tal. Elevdemokrati & medverknad og fagleg utfordring ligg på 3,7, og dette er den lågaste skåren.

Sak 3/25: Korleis arbeida vidare i SU?

Me arbeider med skulemiljø, fysisk miljø og trivselsundersøking, og ev. høyringar o.l.

Sak 4/25: Anna

a) Skulemat

Tonstadli var einaste tilbydar, og dei tilbyr skulemat på Tonstad skule. Skulle me fått levering derifrå, måtte maten sendast med drosje, og det blir for dyrt. Det vert snart starta opp på Tonstad skule med mat to dagar i veka, der maten blir levert på skulen, skulen ordnar utlevering til kvar klasse, kvar klasse leverer tomgodset attende og Tonstadli tar oppvasken.

På Sinnes skule satsar ein på at ein person lagar maten, og tar ansvar for både servering og opprydding etterpå, og dette vert tatt tak i så snart avtalen for Tonstad skule er i boks.

Dette vert eit prøveprosjekt fram til sommaren på begge skulane.

b) Lengde på matfriminuttet

På Sinnes har elevane på ungdomstrinnet 15 min til eting før dei må ut, medan dei andre klassane startar matpausen 10-15 minutt tidlegare. Likevel er det nokon som ikkje et matpakka si.

Det blei peika på at elevane på Sinnes skule har for mange timer, og då kan ein nytta denne tida til "pedagogisk etetid". Mellomtrinnet har i mange år hatt fem-dagarsveke, og då hadde elevane tre timer meir enn mange andre skular, men med auke i timetalet til m.a. naturfag, er det under ein skuletime att av denne tida i Sirdal.

Stikkord frå diskusjonen: Endra lengd på dei andre friminutta til 10 min, fem-dagarsveke, endra starttid for å utvida skuletida, økonomisk med ein buss som korresponderer frå Gyland til Sinnes

c) 17. mai-komite

Nokon ynskjer at dette skal leggjast fast til ein klasse, for om ein veit når klassen har ansvaret, kan motivasjonen bli høgare. Dette er ei sak for FAU.

d) Leikeapparat og vedlikehald

Leikeapparata skal vera i hamn, og veggen på langsida av biblioteket er skifta. Politisk representant stadfestar at det ikkje har vore orientering i hovudutval for oppvekst og levekår om status for vedlikehald/ting elevrådet tok opp i budsjetthandsaminga hausten 2023.

Åse-Berit Fidjeland (skrivrar)

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur